

# STATUSRAPPORT



12.12.18

NRK Nynorsk mediesenter

Per dags dato har vi lært opp 140 nynorskpraktikantar og 57 prosent av dei arbeider i media. 40 prosent er i NRK. 15 prosent arbeider i avisar/nettstader og to prosent i andre media. Utanom media arbeider 17 prosent med informasjon, språk og reklame.

I 2018 har fem tidlegare nynorskpraktikantar fått fast arbeid som journalistar, tre i NRK, ein i Bergens Tidende og ein i Amedia. Seks har fått fast arbeid med informasjon og språk.

Frå nyttår av skal kull 29 i ekstern praksis på Marienlyst, Tyholt, Ålesund og Bergen, og kull 30 byrjar i Førde 3. januar 2019.

# Kringkastingssjefen lova 25 % nynorsk i NRK i 2019

På språkkonferansen «Treng vi norsk», i Førde 1. november, lova kringkastingssjef Thor Gjermund Eriksen at 2019 blir året då NRK oppfyller kravet om minst 25 prosent nynorsk. Eller for å sitere han ordrett: - Nynorskprosenten enda på 22 prosent i fjor, og ser ut til å ende på 24 prosent i år. Neste år må målsettinga vere 25 prosent for første gong i NRK si historie, sa Eriksen.

Kringkastingssjefen synte til at NRK har ein handlingsplan for nynorsk, som skal følgast. Mellom tiltaka i den planen er det at NRK Nynorsk mediesenter skal halde kurs i nynorsk, både for nynorsk- og bokmålsbrukande journalistar i NRK. Journalist Noralv Pedersen i NRK Sogn og Fjordane og faglærar Rune Fossum Lillesvangstu i NRK Nynorsk mediesenter laga eit kursopplegg, som dei reiser rundt med på oppdrag frå språksjefen.

## Tolv nynorskkurs og 120 deltagarar

- Rune og Noralv gjorde ein strålende innsats for nynorsken i Stavanger. Dei var engasjerte, kunnskapsrike og entusiastiske. Det smitta over på mine, som har gjeve gode – nokre jamvel svært gode – tilbakemeldingar etter nynorskkurset. Vi klarte å lausrive til saman 19 stykke frå ein hektisk kvardag til dei to kursa, seier distriktsredaktør Ragnar Christensen.



Nokre av dei som var med på nynorskkurs med Rune Fossum Lillesvangstu og Noralv Pedersen (t.h.) i redaksjonen i NRK Rogaland. Distriktsredaktør Ragnar Christensen (t.v.) klarte å lausrive nesten 20 deltagarar til dei to kursa på tre timer.

Siste kurset i år var i redaksjonen til NRK Rogaland, der journalistar og redaksjonsleiarar benka seg til kurset "Skriv endå betre nynorsk". Tidlegare har distriktskontora i Bergen, Porsgrunn, Lillehammer, Ålesund og ein redaksjon på Marienlyst hatt besøk av den omreisande nynorskduoen. I år har dei hatt tolv kurs med til saman 120 deltagarar, og så langt har tilbakemeldingane vore positive: »Oppfrisking er veldig bra. Det trøng eg! / Veldig lettfordøyeleg pedagogikk! / Nyttig påminning om reglar! / Ikkje kjedeleg for oss litt mindre nerdar! / Veldig gode formidlarar!»

- Eg vil absolutt tilrå dette kurset også for nynorskbrukarar. Det er lenge sidan dei fleste av oss har vore på skulebenken, og det er viktig at vi kjenner oss språklege trygge. Det er gjerne vi som blir spurde når dei andre står fast, seier Ragnar Christensen.



## Nynorsk i VG

**– Etter at VG og sjefredaktør Gard Steiro i fjor opna opp for redaksjonelt innhald på nynorsk, har det vore naturleg for meg å bruke mitt eige hovudmål i nokre av sakene eg skriv for avisar, seier journalist Espen Breivik. Han meiner det er heilt logisk at ei nasjonal, folkeleg avis som VG brukar det skriftspråket som 600 tusen nordmenn har som hovudmål. På same vis som at VG er positiv til dialektbruk i tv- og lyd-sendingane sine.**

Espen Breivik er journalist i avdelinga for samfunn og politikk i VG. Han var nynorsk praktikant våren 2017 og opplever at mange i VG er positive til at det er opna opp for bruk av nynorsk.

- Det er alltid nokon som meiner det ikkje høyrer heime i "det tabloide" VG, men meiningsane er stort sett positive og profesjonelle. Frå leesarar har eg fått overraskande mange positive tilbakemeldingar, som heiar fram meir nynorsk i VG. Eg har fått ei negativ tilbakemelding på e-post og nokre reaksjonar i kommentarfeltet. Mellom anna kalla ein det for "grautmål" og "hipstermål", men det lever eg godt med, seier Espen Breivik.



Kull 29 frå venstre: Ida Yasin Andersen, Birgitte Vågnes Bakken, Elise Kvien, Solveig Nyhus Aksnes og Ingvild Aleksandra Eide.

## Intense, kjekke og lærerike månadar i Førde

Til jul reiser kull 29 frå Førde etter fire månadar med opplæring og praksis. Eit svært jamt og godt kull med nynorskpraktikantar. Inga utfordring er for lita eller for stor for desse damene. Den 3. januar er dei klare for ekstern praksis: Birgitte Vågnes Bakken skal til innanriks i NRK Nyhende på Marienlyst, Elise Kvien skal til P3nyhenda på Tyholt, Solveig Nyhus Aksnes til NRK Møre og Romsdal, Ida Yasin Andersen og Ingvild Aleksandra Eide skal til NRK Hordaland. Dei oppsummerer tida i Førde slik:

### Solveig Nyhus Aksnes (1995), Haramsøy:

- Som nynorskpraktikant blir ein berre kasta ut i det. Skummelt men samstundes utruleg lærerikt. Ein strekkjer seg sjølv til det ytste, men sit igjen med så utruleg mykje.

### Elise Kvien (1996), Vartdal:

- Eg visste ikkje kva eg gjekk til då eg blei ein del av NRK Nynorsk mediesenter. Eg har

ikkje sett eit sekund attende. For eit opplegg, for ein gjeng og for nokre månadar! Eg skulle ønske eg kunne gjere det igjen.

**Ida Yasin Andersen** (1992), Stord:

- Å vere nynorskpraktikant har vore ei unik oppleving, og eg føler meg heldig som har fått denne sjansen. Eg har verkeleg lært mykje på kort tid. Kollegaene i NRK Sogn og Fjordane har vore veldig pedagogiske, inspirerande og imøtekommende. Desse første fire månadane har vore utfordrande og tøffe, men har gjort at eg føler meg godt rusta når eg no skal ut i praksis hos NRK Hordaland.

**Ingvild Aleksandra Eide** (1993), Stord:

- Fire intense, kjekke og lærerike månadar i Førde går mot slutten. Me har fått eit godt læringsmiljø med trygge rammer både hos kvarandre og dei tilsette her. Me har fått stor tillit og blitt kasta ut i det, noko som har gjort oss betre rusta når me no skal ut i den store verda på eiga hand. Med praksis på alle flater har me fått testa ut om dette er noko me likar å drive med, og blitt tryggare på at dette skal gå bra.

**Birgitte Vågnes Bakken** (1993), Langevåg:

- Å vere praktikant har vore svært spanande og lærerikt. Det har vore nokre intense månader, der eg har fått utfordra meg på mange område. Opplegget til Nynorsk mediesenter er effektivt, og lærarane vi har hatt har vore veldig gode, både fagleg og pedagogisk. Frå å ikkje ha gjort noko innanfor journalistikken, har eg i løpet av desse månadane fått erfaring innan både nett, radio, TV og SoMe, og det har gjeve meirsmak. NRK Sogn og Fjordane er ein veldig fin arbeidsplass, og eg har følt meg godt tatt imot på desken i internpraksisen. No ser eg fram mot nye utfordringar i eksternpraksis.

## 150 nynorskpraktikantar

**Medrekna kull 30 har NRK Nynorsk mediesenter tilsett 150 nynorskpraktikantar sidan starten i 2004. Ein telemarking, ein valdris og tre vestlendingar kom inn på det trettiande kullet med nynorskpraktikantar. Det var 29 søkjrarar, og 14 av dei var inne til intervju, nynorsk- og studiotest. Desse fem byrjar på opplæringa i Førde 3. januar og er ferdig 30. juni 2019:**



Kull 30: Idunn Lavik, Ola Weel Skram, Tonje Noreng Trøen, Magnus Urup Helle og Ragnhild Voreland.

**Idunn Lavik**, (1995), frå Voss. Studerer juss ved Universitetet i Oslo og er aktiv i ungdomsorganisasjonen Changemaker. Ho er særleg oppteken av klimaspørsmålet og nyttar jussen til å forstå juridiske prosessar kring dei. Idunn Lavik har vore utvekslingselev i Frankrike.

**Ola Weel Skram**, (1991), frå Sogndal. Han har ein master i organisasjonspsykologi frå Heriot-Watt Universitetet i Edinburgh i Skottland, og ein bachelor i interkulturell forståing frå Universitetet i Bergen. Ola Weel Skram har vore frilansmusikar i fleire år, som vokalist og gitarist.

**Tonje Noreng Trøen**, (1992), frå Slidre. Ho er lærarvikar i norsk for busette flyktningar og i ungdomsskulen. Frå Høgskulen på Lillehammer har ho ein bachelor i marknadsføring og leiing av turistopplevelingar. Ho tok delar av utdanninga ved Bond Universitetet i Australia og har studert spansk språk og kultur i Mexico.

**Magnus Urup Helle**, (1995), frå Vinje. Han har ein bachelor i medievitskap frå Universitetet i Oslo og siste halvåret har han vore journalist i Vest-Telemark Blad. Jobben i VTB har overtydd han om at han vil vere journalist, og no vil han lære meir og bli meir allsidig.

**Ragnhild Voreland**, (1995), frå Stord. Ho er kvartermeister på Madla med forvaltningsansvar for nesten 200 soldatar i fyrstegongsteneste. Sjølv har ho Befalsskulen i Sjøforsvaret og Militær fysisk trening frå Forsvarets Høgskule. Budde eitt år i Spania for å lære seg spansk. Vorland har vore leiar i Stord AUF, medlem av Stord Ungdomsråd og styremedlem i Sunnhordland Målungsdom.



## Brit Jorunn Svanes er vikar for faglærar

**Sidan i haust har Brit Jorunn Svanes vore vikar for Randi Indrebø som faglærar. Det er fordi Randi er 70 prosent sjukmeld med ein kronisk sjukdom, som gjer det vanskeleg å drive med undervising. Indrebø var i full jobb til juni 2018 og ynskjer å vere i arbeid så lenge ho maktar. No driv ho mest med data og redigering, og rettleiing ein-til-ein.**

Brit Jorunn Svanes er ein allsidig og røynd medarbeidar i NRK Sogn og Fjordane, som har lært opp mange tidlegare kull i data- og redigeringssystema i NRK. Ho er utdanna programingeniør frå Høgskulen i Stavanger og arbeidde som det i mange år.

Etter kvart som dei stillingane vart vekke orienterte Svanes seg mot journalistikken, samstundes som ho var den som lærde seg dei nye data- og redigeringssystema og fekk spisskompetanse på dei.

- Brit Jorunn er «teknisk spydspiss» i NRK Sogn og Fjordane, og har vore journalist og vaktsjef for nett og sosiale medium. Ho arbeider framleis som journalist og teknisk spydspiss i NRK Sogn og Fjordane, men hjelper også oss med opplæringa av nynorskpraktikantane, seier Magni Øvrebotten, leiar for NRK Nynorsk mediesenter. Den andre faglæraren er Rune Fossum Lillesvangstu.

## Fast arbeid i og utanfor media

Innan media har fem tidlegare nynorskpraktikantar fått fast arbeid i 2018. **Ingvild Nave** i **Bergens Tidende**, **Wibeke Bruland** i **NRK Finnmark**, **Silje Steinnes Bjerknes** i **NRK Møre og Romsdal** og **Raymond Lidal** i **NRK Sogn og Fjordane**. Dei fire skreiv vi om i førre statusrapport.

### Frå Dagens Næringsliv til Amedia



Ivar Folkedal. Foto: Gorm K. Gaare.

**Ivar Folkedal** er frå nyttår av tilsett som redaksjonell innhaldsutviklar i Amedia. Han kjem frå jobben som frontsjef i Dagens Næringsliv. I Amedia skal han drive med journalistisk analysearbeid og digital rådgjeving.

«Folkedal er utdanna ved NRK Nynorsk mediesenter i Førde, og er dermed den første i Amedias innhaldsutvikling som behersker nynorsk skriftleg», heiter det i ein artikkel i Medier24.

To andre med faste arbeid frå før har fått nye jobbar. Det er **Sølve Rydland**, som er redaksjonssjef i NRK Hordaland. Han kom frå stillinga som politisk journalist der.

**Wilhelm Støylen** har gått frå journalistjobb i NRK Sogn og Fjordane til fast jobb i NRK Super-redaksjonen i Førde, som lagar barnetv og dubbar program på nynorsk og dialekt.

Utanfor media har seks fått faste jobbar som medfører arbeid med språk og informasjon:



Inger Johanne Sæterbakk og Ola E. Bø. Foto: Det Norske Teatret

## Skal hoppe etter Ola E. Bø

**Inger Johanne Sæterbakk** er ny språkkonsulent på Det Norske Teatret. I haust tok ho over etter Ola E. Bø, som har hatt den jobben i 31 år. - Eg kjenner meg heldig som får jobbe med verdas beste språk på Noregs viktigaste teater, seier Inger Johanne Sæterbakk.

Som språkkonsulent har Sæterbakk det overordna ansvaret for alt språkarbeidet på teatret. Både det nynorske scenespråket og språkføringa til skodespelarane, og det nynorske skriftspråket i teatret sin kommunikasjon og tekstproduksjon. Sæterbakk kom frå jobben som nettredaktør i Norges Bondelag.

## Redaksjonssekretær i Allkunne.no

**Steinarr Sommerset** er tilsett som redaksjonssekretær i det nynorske nettleksikonet Allkunne.no frå nyttår av.

– Pålitelege kjelder til informasjon har aldri vore viktigare enn i dagens samansette medieverd. Allkunne er difor eit ypparleg kvardagsverktøy for allmenta, seier Sommerset. Nettleksikonet Allkunne held til i Nynorsk kultursentrum i Ørsta. Steinarr Sommerset har arbeidd med omsetjing, språkvask, nettsamfunn og tekstproduksjon, mellom anna som ekstern ansvarleg for omsetjingar i Google.



**Lars Ivar Nordal** vart i vår tilsett som seniorrådgjevar i Språkrådet, med ansvar for språk i kultur- og medie sektoren.

**Gunn Evy Auestad** er tilsett som kommunikasjonsrådgjevar for to forskingsprosjekt ved Norges Miljø- og Biovit skaplege Universitet (NMBU) på Ås.

**Anna Gytri** er rådgjevar i samferdsleavdelinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

**Astrid Marie Grov** er ny redaktør for Norsk Tidend og kommunikasjonsrådgjevar i Noregs Mållag.

## Kvar vert nynorskpraktikantane av?

**Per 1. desember 2018 har vi sendt frå oss 140 nynorskpraktikantar og 57 prosent av dei arbeider i media. 40 prosent arbeider i NRK. 15 prosent arbeider med avis/nett og to prosent i andre media (TV 2, Radio 1 og frilans). Utanom media arbeider 17 prosent med informasjon, språk og reklame.**

Vi har tidlegare nynorskpraktikantar i ulike radio- og fjernsynsprogram, på nettet og i sosiale medium. Døme: Dagsnytt, Dagsrevyen, Sporten, NRK Super, P3-nyhenda, Mp3, Ekko i P2, og i Her og Nå, Norgesglasset, Kveldsåpent og Nattradioen i P1.

Vidare ved distriktskontora i Finnmark, Troms, Nordland, Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Telemark, Oppland, Buskerud og i Østlandssendinga.

Det er også journalistar med bakgrunn herifrå som er nyhendeanker i TV 2, nyhende-redaktør i Nationen, frontredigerar i Dagens Næringsliv, journalistar i VG, Vest-Telemark Blad, Bergens Tidende, Møre-Nytt, Telemarksavisa, Drammens Tidende og Nationen.

Andre arbeider som informasjonsfolk, rådgjevarar og tekstforfattarar i til dømes: Språkrådet, Valdirektoratet, Røde Kors, Skatt Vest, Norske Kunstforeninger, Noregs Ungdomslag, Sogn og Fjordane fylkeskommune og PR-operatørene.

I statusrapportar som denne tek vi berre med dei fem siste kulla. Dei andre finn du på nettsida [www.nynorskmediesenter.no](http://www.nynorskmediesenter.no). Der skal vi vere oppdaterte på kvar dei er, så sant dei sjølve hugsar å melde frå om byte av arbeid og studium.

## Kull 28: 3. januar – 30. juni 2018



**Anders Martin Helle** (1994) er vikar i NRK Buskerud. **Turid Astrid Reksten** (1983) er feltprest i Forsvaret. **Sigrid Sivertsen Haugan** (1994) studerer arabisk ved Universitet i Oslo. **Bente Kristin Rundereim Kjøllesdal** (1990) er journalist i nettstaden Framtida.no. **Fredrik Johan Helland** (1990) har fast jobb som samordnar i helikopterselskapet Bristow, på flyplassen i Florø.

## Kull 27: 21. august 2017 – 28. februar 2018



**Arianrhod Engebø** (1993) er vikar i Mp3 på Tyholt. **Synne Ulltang** (1989) er frå nyttår av prosjektmedarbeidar ved Bergen Bibliotek. **Borghild Andersdotter Vevle** (1993) er førskulelærar. **Linda Watten** (1994) studerer pedagogikk og er vikar i nettavisa Porten.no. **Ådne Sandvik Dyrnesli** (1993) er frilansfotograf og fekk nyleg eit kunststipend frå Sogn og Fjordane fylkeskommune på kr. 30.000.

## Kull 26: 4. januar – 30. juni 2017



**Aleksander Båtnes** (1992) er vikar i Her og Nå, NRK P1. **Wibeke Bruland** (1984) er fast tilsett i NRK Finnmark. **Snorre Sandemose** (1983) studerer pedagogikk på Universitetet i Bergen.

**Sigrid Sørunggård Botheim** (1985) er vikar i NRK Telemark, frå nyttår av tilsett i eit vikariat i Språkrådet. **Espen Breivik** (1992) er vikar i avdeling for samfunn og politikk i VG.

## Kull 25: 22. august 2016 – 28. februar 2017



**Marte Iren Noreng Trøen** (1990) er vikar/vaktsjef i P3nyhenda på Tyholt. **Anders Tesdal Galtung** (1993) studerer rettsvitenskap ved Universitetet i Stavanger. **Krista Lien Indrehus** (1989) er lærar på Vaksenopplæringa i Trondheim. **Josef Benoni Ness Tveit** (1997) er frilansar for nettavis Porten.no og studerer samfunnsfag ved høgskulen i Sogndal. **Kathrine Nygård** (1993) er frilansar.

## Kull 24: 4. januar – 30. juni 2016



**Aleksander Åsnes** (1990) og **Solveig Svarstad** (1989) og er fast tilsette journalistar i NRK Sogn og Fjordane. **May-Helen Rolfsnes** (1993) studerer nordisk ved Universitetet i Bergen. **Martha Våge** (1989) er fast tilsett i Her og Nå, i Oslo, og **Martin Torstveit** (1992) er fast tilsett i NRK Telemark.

### FAKTA OM TRE SYSTERTILTAK:

**NRK Nynorsk mediesenter** – for rekruttering og opplæring av nynorskbrukande journalistar for nett, radio, fjernsyn og sosiale medium. 10 praktikantar i året. Oppretta og drive av NRK sidan 2004. Samlokalisert med NRK Sogn og Fjordane i Førde. Senteret er modell for dei to andre. Leiar: Magni Øvrebotten

**NRK FleRe** – for rekruttering og opplæring av fleirkulturelle journalistar for nett, radio, fjernsyn og sosiale medium. Fem praktikantar i året. Oppretta og drive av NRK sidan 2008, samlokalisert med NRK Østlandssendinga, Oslo. Leiar: Marianne Mikkelsen.

**Nynorsk avissenter** – for rekruttering av nynorskbrukande journalistar for nett, avis og sosiale medium. Åtte-ti praktikantar i året. Oppretta av Amedia/Firda/Vinjefondet i 2013. Kom inn på statsbudsjettet i 2015. Nynorsk avissenter er samlokalisert med avis Firda i Førde. Leiar: Kjell Ove Nordeide.

NRK Nynorsk mediesenter og Nynorsk mediesenter samarbeider om opplæring og gjesteførelesarar i ulike emne om nynorsk som mediespråk, journalistikk og etikk. Søkjrarar som søker begge opplæringane vert kalla inn til intervju i Førde same dagen. Kjem dei inn hjå begge må dei sjølve velje kvar dei vil gå. Sams søknadsfristar 15. april og 15.oktober.